



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ola Betten, 71 25 84 76

Vanylven kommune - oppstartsmelding om oppretting av Ramshylla naturreservat

Fylkesmannen melder i samsvar med naturmangfaldlova § 42, oppstart av eit arbeid med frivillig skogvern i Vanylven kommune.

Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet og er såleis ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigar på gnr/bnr 103/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 15 i Vanylven kommune. Det omfattar eit areal på ca. 348 dekar.

Gjennom denne meldinga er det ønskjeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av området, brukarinteresser, eventuelt også om til dømes kulturverdiar og anna som det kan vere aktuelt å vite om og ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på følgjande undersøkingar:

Vidnes, M. 2003. Biologisk mangfald i Vanylven kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtypar. Rapport utført for Vanylven kommune. 81 s.

Jordal, J. B. & Holtan, D. 2008. Supplerande kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune 2007. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavingdelinga rapport 2008: 01

Hovudformålet med vern er å sikre eit biologisk verdfullt skogsområde som ein del av naturarven. Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Området har ein lokalitet sett til verdi A (svært viktig) med rik edellauvskog med eit godt artsutval av m.a. varmekjære artar (endra frå C hos Vidnes 2004). Det er relativt gode førekomstar av til dels gammal alm, samstundes som her er artsrikt med ein del uvanlege artar og to raudlisteartar. Det største almetrea har ein diameter ved basis på om lag ein meter. Det er god førekomst av gamle tre og læger av fleire treslag. Dette er truleg den einaste kjente, gamle almeskogen på ytterkysten på Sunnmøre, noko som også er vektlagt ved verdivurderinga.



Dette naturgrunnlaget viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG melder Fylkesmannen oppstart av ein verneplanprosess for området. Det er ein føresetnad for vern at det vert inngått avtale om erstatning.

Vedlagt følgjer kart som viser området.

Dette brevet med oversiktskart er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det.

Etter innspelsfasen, vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrift og tilhøyrande vernekart. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader. Vedtak om vern kan tidlegast skje forsommaren 2021. Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til Fylkesmannen, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post fmmrpost@fylkesmannen.no.

Fristen for å kome med merknader/innspel til denne meldinga er 30.10.2020.

Dersom kommunen eller andre har behov for ei nærmare drøfting av saka før eit verneframlegg blir sendt på høyring, er det ønskeleg å bli kontakta om det så snart som mogleg. Melding om å starte opp verneplanprosessen vert også kunngjort i Sunnmørsposten og Synste Møre.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Ola Betten
prosjektleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Vanylven kommune - kart Ramshylla naturreservat

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaards veg 13A	7047	TRONDHEIM



Mottakere:

SABIMA	Mariboës gate 8	0183	OSLO
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL	Idrettsvegen 2	6413	MOLDE
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Stein Asle Brubæk Brakstadstranda 345	6636	ANGVIK
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret	6422	MOLDE
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Stortingsgata 30	0161	OSLO
NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
Martinus Anthonius Johannes Koers	Gamlevegen 446	6143	FISKÅ
MØRENETT AS AVD FISKÅ	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Marianne Elisabeth Eltvik Rodalsvegen 250	6686	VALSØYBOTN
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Sigurd Sandnes		6142	EIDSÅ
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO



STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Marianne Sandnes		6142	Eidså
Ragnhild Eidsaa	Eidsåvegen 36	6142	EIDSÅ
VANYLVEN KOMMUNE	RÅDHUSET	6143	FISKÅ
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
Koers Van Boven Berendina Gerry Sietske	Gamlevegen 446	6143	FISKÅ
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
Audun Helge Sandnes	Eidsåvegen 261	6142	Eidså
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien 24	1341	SLEPENDEN
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS



UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegate 8	0183	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Eldrid M Hovdevik Sandnes		6142	Eidså
Stig Magne Sandnes	Einarvikgata 5	6002	Ålesund
Petter Sandnes		6142	EIDSÅ